

Lindås kommune  
v/ avd. for vatn og avløp  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE AREAL OG MILJØAVDELINGA	
Arkivkode	137/687
11 JAN. 2005	
04/1243	1606/05
Saker.	Grav.
SVT0	

Bjarte Alvær  
5911 ALVERSUND

Alversund, 26.01.05

**Tilleggsinformasjon til søknad om utslepp frå gardsnr. 137 bruksnr. 687 til  
godkjent privat avløpsnett frå gardsnr. 137 bruksnr. 4.**

Eg viser til brev frå Lindås kommune datert 20.01.05 der det går fram at avløp for privat slamavskiljar ikkje er godkjent, og ber om at saka vert vurdert på nytt.

I samband med utsprengning og planering av tomta mi, var det eitt punkt i krava til tomta, eg ønskja nærare informasjon om. Dette gjaldt punktet kor det stod at tomta skulle knyttast til etablert kommunalt avløpsnett.

På tomta mi var det framlagt ein 4" ledning som går ned til godkjent privat avløpsnett, framført i ein lengde og av same type som røyret som går ut i sjøen. Eg rådførte meg derfor med avd. for vatn og avløp i Lindås kommune, om denne ledningen kunne nyttast. Eg fekk munnleg tilbakemelding om at dei ikkje kunne sjå noko problem med dette. Ved seinare høve tok eg igjen kontakt med avdelinga, for å få vite kor stor septiktank eg skulle nytte, og fekk svar om at 4 kubikk septiktank skulle nyttast.

I samband med grunnarbeid på tomta vart det sprengt og tilrettelagt for septiktank, og septiktank er kopla saman med eksisterande 4" ledning. Alt dette vart utført i mai/juni 2004, og eg har levd i den beste trua på at alt var i orden. Eg ser i ettertid at eg kan ha misforstått den munnlege informasjonen eg har mottatt, og ber om at saka vert vurdert på nytt.

Håpar på positiv tilbakemelding, då dette også har ei økonomisk side.

Med venleg helsing,

Bjarte Alvær